

Kristoffer Brinchmann
Akersbakken 25 C

0172 OSLO

Løyve til frådelling av tomt til fritidsføremål frå g/bnr 22/1

BD SAK
494/18

Delegasjonssak:

Vedtak:

I medhald av delegasjonsvedtak, K-sak 30/17 og plan- og bygningslova §§ 20-2 og 21-4, vert det gjeve løyve til frådelling av ca. 722 m2 frå g/bnr. 22/1. Løyve er ikkje i samsvar med søknad og er avgrensa til det areal av tomten som er regulert til fritidsføremål.

Søknaden:

Søknad dagsett 01.10.2018, motteke 14.12.2018 med følgjande vedlegg :

- utsnitt av kart med påteikning av parsell
- kopi av nabovarsel m/kvitteing, dagsett 29.10.2018
- kjøpekontrakt, udatert
- avvikling av festekontrakt inngått 26.09.1976
- fullmakt frå seljar til kjøpar, dagsett 30.10.2018
- kartvedlegg

Saksgang/ historikk:

Det er søkt om løyve til å frådele ei tomt til fritidsføremål frå g/bnr. 22/1. Tomta har etter opplysningar i søknaden vore ei registrert festetomt.

Omsøkt areal som er meint frådelt er vist på utsnitt av kartvedlegg, der tomta skal omfattar område regulert til fritidsføremål, veggrunn og friområde. Det er søkt om løyve i samsvar med plan.

Plangrunnlag

Eigedomen er omfatta av detaljreguleringsplan for Nærestad med verknad frå 08.09.2016.

Dispensasjonar

Det er ikkje søkt om dispensasjonar.

Nabotilhøve og andre kommentarar

Det er gjennomført nabovarsling i samsvar med vilkåra i plan- og bygningsloven § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Veg og tilkomst

Eigedomen har i følgje kjøpekontrakt bruksrett på stølsveg fram til tomten.

Vass- og avlaup

Eigedomen har ikkje innlagt vatn.

Vurdering/ konklusjon:

I kartvedlegg er det vist til nye tomtegrenser som omfattar den del av tomta som er regulert til fritidsbustad, del av privat veg og friområde. Det er vidare opplyst at parsellen utgjer ca. 750 m2, medan ei kartoppmåling viser at dette område utgjer ca. 1070 m2. ei godkjenning i samsvar med søknad vil vere i strid med plan.

Vi har vurdert søknaden og godkjenner frådeling av parsell i samsvar med areal som omfattar arealføremål til fritidsbustad og som etter måling i kart utgjer ca. 722 m2.

Handsamingsgebyr:

I samsvar med gjeldande gebyrregulativ for byggesaker er det utrekna følgjande gebyr for :

- Handsaming av etablering av ny grunneigedom, jf. pbl § 20-1 m. kr. 2.565,-
- **Totalt gebyr:** **kr. 2.565,-**

Faktura for sakshandsamingsgebyr vert sendt søkjar.

Saka er sendt oppmålingsavdelinga for gjennomføring av matrikkulering (deling).

Klage:

Vedtaket kan klagast på til kommunens klageorgan som er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Skriftlig klage må leverast innan 3 veker etter at dette vedtaket er motteke. Klagen skal sendes til kommunen. Klagen skal vere grunngjeven og klagar må spesifisere kva det klagast over og kva endringar klagar ynskjer. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklårt om klagefristen er utgått, ber me om at du gjev opp når vedtaket kom fram. Sakshandsamar kan gje rettleiing om framgangsmåten ved klagen.

Med helsing

Cornelis Erstad
leiar plan og næring

Svein Ålhus
avd.ingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:

Sameiet Rutlin v/ Stig Rutlin, Gåseveien 17, 4950 RISØR
Oppmålingsavdelinga